

## REFERAT

### Styremøte i Silda Velforening (SiVe) 28/7-2012

I leskuret på skulen

Tid: Kl.1200 (i samband med nedtaking av partyteltstengene)

Tilstade: Kjell Rune Gangsø, Jan Silden, Paul Sundnes, Liv Wiik Silden

Forfall:

Varemedl: Sindre Langlo hadde reist og Jorun Sætren var ikkje på øya.

**SAKER:**

#### **9/12. Merking av teltstenger**

Det har ofte vorte bruk lang tid på å finne dei rette stengene til rett stad til teltet

Alle stenger vart merka med farga tape, bunta og lagt på lager. Det eine fotkrysset var delvis øydelagd i sveisen. Paul tok med for sveising

#### **10/12. Evaluering av sommaren sin aktivitet i regi av SiVe**

##### **Lys på kaia:**

Arbeidet vart utført som planlagt. Ole og Einar Runde med hjelparar fekk arbeidet gjort.

Ole skal skaffe stålplate til «koplingsgropa»

Same dag vart det sett opp bøylar på kaia til feste av miljøcontainerane og rydda på kaia.

5 – 6 mann deltok.

##### **Restarbeid:**

Toppene av dei to nye kailysa må merkast med fosforiserande måling. Kjell Rune skaffar måling.

##### **Stien:**

Godt fram møte på dugnaden, 15-20 personar møtte . Ei gruppe arbeide frå sør, mot Furevika, andre gruppa frå nord. Stien vart utvida på størsteparten Litt står att.

På 2 våte område i nordre del av stien vart det lagt ut «klopper» av plank, som vart skrua saman.

Frå Furevika mot SørSilda er der også nokre våte parti.

Kloppene må få trekk av grovtråda småmaska not, for å unngå at desse vert farleg glatte.

Sindre og Paul skar opp notlin i 60cm breidde som ligg klar for utlegging i kahuset.

##### **Restarbeid:**

1. Til festing av notlin trengst det lekter, Jan skaffar lekter. Ved høve må ein prøve å få notlinet på plass
2. Jan, med hjelp, vil ved høve transportere plankane, sjøvegen, frå kaie til Furevika.
3. Arbeidet med utlegging vert vel først bli gjort neste sommar

##### **Grillfesten:**

I år måtte denne avlystast, grunna vind og regn. Jarle-Sjærbuda sa seg villig til å overta brus som var innkjøpt med tilhøyrande faktura.

Kva gjer vi for neste år:

##### **Vedtak:**

1. Grillfesten bør avviklast tidlegare, gjerne 2. helga i juli.
2. SiVe leiger kjellarsalen i skulen, slik at avviklinga av grillfesten kan gå av stabelen uansett ver.
3. Paul avlarar dette med Silda grendahus

##### **Sporløpet.**

Liten deltaking. Denne vart avvikla for seint. Mange hadde avslutta ferien grunna dårleg ver.

Til dei som deltok vart det overraska med iskrem i løypa. Denne isen var delvis spona og var tenkt til grillfesten

Jarle spona gavekort som hovudpremie.

Alle deltakarande born fekk ein liten godtepose, desse var også tenkt til grillfesten.

##### **Vedtak:**

1. Sporløpet bør gå på ein torsdag, tidlegare i juli.
2. For eit seinare år bør ein vurdere å organisere/avgrense deltakartalet pr lag, dette for å få fleire grupper. To – tre vaksne + barn pr gruppe??

#### **11/12 Organiserte aktivitetar for ungane**

Det dårlege veret har aktualisert behov for tiltak for ungane, Styret drøfta denne saka men konkluderte med at her må i så fall småbarnsforeldra aktivisere seg.

**Vedtak:**

Denne saka vert oversendt til generalforsamlinga

**12/12 Leikeapparat på skuleplassen**

Det har minka på leikeapparat, det meste er eller bør reparerast eller kondemnerast. Mange legat gir tilskot til slike allmenntilgjengelege tiltak, som kan kome fleire frivillige til gode. T.d. Gjensidigestiftelsen gir årleg ut 15 millionar. Her bør vi prøve å få tilskot til opprusting av leikeplassen

**Vedtak:**

1. Paul undersøker med formann i Grendahuset om SiVe kan setje opp apparat til fri bruk for folk som er på øya. (Hans Fure opplyste at her er det fritt fram, dersom det ikkje fører til utgift for Grendahuset.)
2. Paul utarbeider ein plan, med godkjende apparat og nødvendige pålagde sikringstiltak.
3. Styret i SiVe søkjer om tilskot for tiltaket frå Gjensidigestiftelsen.
4. Eigenandelen i dette prosjektet vert dagnad med montering og sikring samt direkte tilskot om nødvendig.
5. Generalforsamling 2013 må ta stilling til tiltaket når kostnader og tilskot er avklara.

**13/13 Tilrettelegging langs turstien**

Yvonne Langlo vil stille seg i spissen for å skaffe løyvingar frå legat for å tilrettelegge rasteplassar langs stien. og gjerne også på Jonshauge. Solide benkar som vert bolta fast er ønsket.

**Vedtak:**

1. Jan og Kjell Rund skaffa kart og kjem med forslag om høvelege rasteplassar.
2. Sindre skaffar kostnadsoverslag for kvart utkikspunkt.
3. Yvonne finn høvelege legat og skriv søknad .
4. Søknadsstillar er Silda Velforening, v/ leiar Kjell Rune Gangsøy, Deknepollen 6700 Måløy

**14/12 Kaihuset, SiVe sitt lager.****Vedtak:**

Jan og Kjell Rune prøvar å få til rydding. Avtalar med Kåre kva som kan transporterast til lands, for levering til restavfall eller el.mottak.